


FASTEAKSJONEN 2026



Vi er inne i fastetida, derav namnet på Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon.

Dei neste 3 vekene gjeld det!

Konfirmantane og de foreldre skal få bidra til å støtte det livsviktige arbeidet til Kirkens Nødhjelp med å skaffe reint vatn til fleire menneske.

Nær 800 millionar menneske manglar i dag tilgang på reint vatn, og for 300,- kan eitt menneske få varig tilgang på reint vatn livet ut. Gjennom Fasteaksjonen skal vi få vera med å skape endring.

Les meir om Fasteaksjonen [HER](#).

Sjå filmen som blir vist i nasjonale medieplattformer no i fastetida her; [Reklamefilm Fasteaksjonen](#)

Digital og fysisk innsamling

Konfirmantane skal bidra både med **digital innsamling** og **fysisk innsamling** (dør-til-dør med bøsser).

DIGITAL INNSAMLING

Spleis

Os kyrkjelyd har oppretta ein Spleis som konfirmantar og foreldre kan dele på sosiale medier. Klikk her for å komme til [SPLEISEN](#).

På Spleis-sida kan du dele Spleisen som QR-kode eller lenke, via Facebook, Instagram og andre SoMe plattformer. Konfirmantane får lenke til Spleisen på SMS. Del med venner, familie og kanskje dei som er invitert i konfirmasjonsselskapet?

CHALLENGE

Klarar årets konfirmantar å «slå» fjorårs-konfirmantane sin sum på kr. 183 757,-?

Konfirmantteamet (vi ansatte) vil gjerne motivere konfirmantane ved å utfordre oss sjølve med desse summene:

175 000 kr: Jostein skal danser til “Deg være ære” på konfirmasjonsgudstenestene

200 000 kr: Gro Helen fargar håret lilla (er det i år det skal skje?!)

210 000 kr: Roar skal ete surstrømming på konf.avslutninga 21.april (ute)

Vi oppfordrar og konfirmantane til å lage sine egne “challenge”er, og gjennomføre dei dersom dei klarar å samle inn ein viss sum frå sine familie- og venner; “eg/ eller pappa skal synge ein sang i selskapet mitt, dersom eg samlar inn 2000,- “ foreksempel.

Stå på – då kan dette bli skikkeleg pinlig, morosamt og langt utanfor komfortsona for enkelte! Men – til ei van(n)vittig god sak!!

Vippsnummer: 2426.

Summen som kjem inn frå telefonar lokalt, vert kobla opp mot vår lokale innsamling.

Bedrifter som vil støtte?

Dersom konfirmantane kjenner nokon i ei bedrift som ønskjer å støtte innsamlinga, så anbefaler vi å bruke Spleisen. Der blir gåver og bedrifta synlege, noko som kan vera god reklame i seg sjølv.

Forslag til tekst som kan delast på SoMe:

Hei!

I år er eg konfirmant (eller mor/far til konfirmant), og no samlar vi inn pengar i årets Fasteaksjon. Vi skal redde liv saman med Kirkens Nødhjelp. For 300,- gjev du eitt menneske tilgang til reint vatn resten av livet. Tusen takk for støtta di - den reddar liv!

- ✓ Ta ein ringerunde til slekta og spør om dei vil gje eit bidrag. Kanskje det er lenge sidan du har snakka med bestemor uansett?
- ✓ Send ein melding til alle som er invitert i konfirmasjonsselskapet ditt, Del Spleisen/Vippsnummer og informer om innsamlingsaksjonen. Bruk gjerne teksten som vist tidlegare.
- ✓ Del innsamlingsaksjonen/Spleisen på dine sosiale medium

FYSISK INNSAMLING

Konfirmantane skal gå i roder/gater med bøsser. Lenke og informasjon til rodene/gatene konfirmanten din skal gå i, kjem i ein annan e-post.

Lykke til med Fasteaksjonen, både konfirmantar og foreldre!



Tekst: Trygve Skaug Foto: Martin B. Slåttsveen